

Jølster Næringsforum
6843 Skei i Jølster

Justis- og beredskapsdepartementet
postmottak@jd.dep.no

Høyringsuttale til NOU 2013:9 Eit politi – rusta til å møte framtidens utfordringar.

Som ein av representantane for dei næringsdrivande i Jølster kommune vil ein komme med uttale til den framlagde NOU2013:9.

Jølster Næringsforum er mot at operasjonssentralen og administrasjon av politiet skal ut av fylket, ein er og mot nedlegging av lensmannskontor. Ein er samd i at ein må sjå på organiseringa av politiet, men då kjem det som alltid kjem når det er snakk om omorganisering, sentralisering. Påstandane trillar fram. Betre fagmiljø i større einingar, mindre administrasjon, betra oversikt i større adm., betre turnus, spare pengar m.m. Problemet er at i dei aller fleste tilfeller er slike uttaler påstandar der ein har utlete å syne til dømer (om dømer finst)for å underbyggje påstandane.

Kva blir så resultatet for ei bygd og ein kommune som Jølster ved ei omorganisering. Resultatet kan bli slik:

- Ein misser arbeidsplassar, om det er berre er nokre få, kva får ein i staden?
- Ein kan ikkje sentralisere å likevel oppretthalde eit nærpolti som det stå i rapporten.
- Ein vil oppleve at ein sjeldan eller aldri får på plass ein politimann om eit lovbrøt skjer, argumenta blir, for lange avstandar og at ein har større oppgåver å løyse.
- Ein oppleve misstydingar mellom dei som melder eit lovbrøt og politiet, med bakgrunn i kulturforskjell mellom by og bygd.
- Ein vil få eit kontorpolti ikkje eit politi ute blant folk.
- Ein vil i Jølster og andre bygder måtte betale for å få politi til eit arrangement, medan ein i byen har politiet bort i gata, så skjer det noko er det berre å ringe.

- Ein vil komme til å oppleve at bygder vil bli ein fristad for kriminelle, for spor etter ugjerning er sletta før politiet veit kvar dei skal.

Dei punkta ein har nemnt ovanfor kan ein faktisk underbygge alt no, ein kan sjå i politiet eller andre vaktssentralar sin journalar.

Når det gjeld det med gode fagmiljø skjønar ein at det er nødvendig, men kva er eit fagmiljø og korleis ein får det til må kunne drøftast. Data er eit medium der ei bestemor på Jølster kan lære sitt barnebarn på New Zealand å strikke via prat og bilde, er det då umogeleg å oppretthalde og utvikle eit fagmiljø via data?

Nou 2013:9 er eit omfattande dokument der mykje er peika på, mykje er lova og mykje skal endrast. Jølster Næringsforum peika på dei punkt som ein forstår seg litt på, og som ein ser kan bli problem både for enkeltpersonar, bedrifter og kommunen.

Skei den 24. september 2013

Jølster Næringsforum
Hildegunn Huus